

# OPERASJON


VED MAGESÅR

## KJÆRE PASIENT

Velkommen til Avdeling for gastro- og akuttkirurgi. Dette er informasjon til deg som er operert på grunn av magesår.

## MAGESÅR

Magesekken ligg mellom matrør og tolvfingertarm, like under mellomgolvet. Når mat og drikke samlast i magesekken startar fordøyinga. Magesår oppstår i slimhinna inne i magesekken eller tolvfingertarmen, gjerne i overgangen mellom magesekk og tolvfingertarm.



www.dreamstime.com

## Dei mest vanlege årsakene til magesår er:

- Bakterien "helicobacter" som krev behandling med antibiotika.
- Høgt forbruk av medisinar i gruppa NSAIDS's (for eksempel voltaren, ibux, naproxen).
- Stress og røyking kan vere ein medverkande årsak.

## KVIFOR OPERASJON?

Det er i hovudsak to grunner til at ein vel operativ behandling av magesår:

- Blødinga let seg ikkje stoppe ved gastroskopi.
- Såret går tvers gjennom veggen i magesekken og ut i bukhol.

Operativ behandling består vanlegvis av at ein syr att holet i magesekken. Nokre gonger er det nødvendig å fjerne nedre del av magesekken.

## ANBEFALINGAR ETTER OPERASJONEN

### MAT OG DRIKKE

Du kan ete vanleg mat og drikke. Det er vanleg å gå litt ned i vekt etter operasjonen, så det er viktig å få i seg næringsrik mat. Spis små og hyppige måltid.

### ANTIBIOTIKA

Dersom du bruker antibiotika bør du ikkje drikke alkohol, fordi det reduserer effekten av antibiotikakuren.

## KONTAKT LEGE

Ta kontakt med lege dersom du får nokre av desse symptoma:

- feber
- du får meir vondt
- det siv væske frå såret
- huda rundt såret blir raud



## SMERTESTILLANDE

Det er vanleg å få smerter etter operasjonen. Dei fleste har nytte av paracetamol og klarer seg med det etter nokre dagar. Dei som har behov for sterkare smertestillande får resept før heimreise.

## HYGIENE

Du kan dusje frå tredje dag etter operasjonen. Ta alltid på ny bandasje etter du har dusja. Du må ikkje bade i badekar eller symjebasseng dei første tre vekene etter operasjonen. God hygiene hindrar infeksjon.

## AKTIVITET

Det gjer godt for kroppen at du er i aktivitet etter operasjonen. Du kan vere aktiv i korte økter og kvile ofte. Fysioterapeuten vil gi deg informasjon om øvingar som passar for deg.

## OPPFØLGING

Du vil få time til kontroll hos ein av kirurgane som opererte deg omtrent seks veker etter operasjonen. Føremålet med denne kontrollen er å sjå til at tida etter operasjonen har gått som forventa. Legen vil gå gjennom svara på eventuelle prøvar tatt under operasjonen, og snakke med deg om kva som kan vere eit aktuelt

opplegg for deg i tida framover. Vi sender brev til fastlegen din der vi informerer om sjukdommen din og kva som er gjort under operasjonen.

I mellomtida må du være merksam på komplikasjonar etter operasjonen og følgje anbefalingane ovanfor.

## KONTAKTINFORMASJON

Telefon ekspedisjon Kirurgisk klinikk: 55 97 28 42

Telefontid 09.00-11.00

Når du ringer ekspedisjonen 55 97 28 42 får du fire val som fører deg til den poliklinikken du vil ha kontakt med.

Etter kl. 16.00 og i helg ta kontakt med

Avdeling for gastro- og akuttkirurgi

Sengepost 1: 55 97 34 00

Sengepost 3: 55 97 35 03

Du var innlagd ved sengepost:.....



## **KONTAKTINFORMASJON**

Kirurgisk klinikk, poliklinikk, ekspedisjon:

Telefon 55 97 28 42

Avdeling for gastro - og akuttkirurgi

Sengepost 1: Telefon 55973400

Sengepost 3: Telefon 55973503

**[www.helse-bergen.no](http://www.helse-bergen.no)**

Haukeland universitetssjukehus

Telefon: 05300